


# Budsjett 2024

## Økonomiplan 2024-2027

*Ein redningsplanke  
til god beredskap og ei berekraftig  
framtid*



**Bjørnafjorden kommune**



<b>Innleiing</b>	<b>3</b>
Beredskap og livskvalitet	3
Ei berekraftig framtid	3
<b>Budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027</b>	<b>4</b>
<b>Finansieringsplan</b>	<b>5</b>
Eigedomsskatt	5
Andre inntekter	6
Bruk av premiefond	7
<b>Sektortiltak</b>	<b>7</b>
Fellesområde	7
Oppvekst	7
Helse og velferd	8
Samfunnsutvikling	9
<b>Investering</b>	<b>9</b>
<b>Klima og natur</b>	<b>10</b>
<b>Verbalforslag</b>	<b>11</b>
1. Kantinedrift	11
2. Ung Arena	11
3. Leiarløn	11
4. Natur og klima	11

## Innleiing

Bjørnafjorden kommune har særleg alvorlege økonomiske utfordringar. Det er mange, og til dels komplekse, årsaker til dette. Kommunedirektøren foreslår grove kutt i viktige tenester i heile kommunen. Mange av kuttane er uakseptable for Miljøpartiet Dei Grøne. Vi kjem med eit budsjettframlegg som viser korleis desse utfordringane kan løysast på eit ansvarleg og framtidsretta vis.

## Beredskap og livskvalitet

Dei siste åra har kommunen kutt kraftig både i tenesteproduksjon og administrasjon. Det har gått utover kvaliteten på tenestene, og rammar sårbare grupper hardast. Å ha som mål å vera billegast på drift er snevert og kortsiktig, og vi risikerer å sitte fattigare tilbake. Bjørnafjorden bør ha som mål å vera ein kommune som er god å leva i for alle – uansett livsfase. Innbyggjarar som trivst, utviklar seg og blomstrar gjev i mangfald tilbake. Det er den viktigaste kapitalen ein kommune kan ha.

Fleire av kuttforslaga er inngripande og dramatiske, og aukar risikoen for negative konsekvensar for liv og helse. Vurderingane som ligg til grunn for kuttane er for dårlege. Forslaget om å leggja ned legevakta er rett nok risikovurdert; men også det er gjort på eit sviktande grunnlag. Vurderinga har sprikande konsekvensvurderingar og manglar god nok dokumentasjon på avbøtande tiltak for konsekvensane med uakseptabel risikoverdi. Utan eit fullverdig vurderingsgrunnlag kan vi heller ikkje ta stilling til forslaget om å leggja ned legevakta.

MDG meiner også at det er uklokt å leggja ned vaktordninga i Eikelandsosen. Etter lang tid har vi endeleg fått etablert ei ordning som sikrar liv og verdiar på ein god måte. Kuttforslaget bidreg til å redusera viktige beredskapskvalitetar i kommunen.

## Ei berekraftig framtid

Det er heilt avgjerande at kommunen tek sitt berekraftansvar seriøst. Vi har forpliktingar i høve Parisavtalen og Montrealavtalen. Klimakrisa og naturkrisa er dei mest presserande utfordringane vi har globalt og lokalt. Dei negative følgjene er begynt å visa seg, og dei kjem til å auka i omfang. Kommunen sakkar akterut både når det gjeld førebygging og tilpassing. Det er derfor alvorleg når kommunedirektøren droppar vidare arbeid med klimarekneskap eller klimabudsjett. Det er også i strid med ei rekkje politiske vedtak i kommunestyret og med KLEM-planen og den nye samfunnsdelen. Vi må dessutan bu oss på skjerpa utsleppskrav til kommunane. Alle sektorar må ansvarleggjerast, og kommunen må sikra klima- og miljøkompetanse og ressursar til å arbeida med dokumentasjon, reelle kutt og førebyggjande tiltak.

## Budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027

Alle tal er relative til kommunedirektøren sitt budsjettforslag og heilskapen bygger på det same. Alt som ligg til grunn der utan justering blir vidareført.

	2024	2025	2026	2027
Eigedomsskatt bustad	20 000 000	60 000 000	80 000 000	80 000 000
Botnfrådrag	0	-10 000 000	-10 000 000	-10 000 000
Eigedomsskatt næring	10 000 000	20 000 000	30 000 000	40 000 000
Kostnad innføring eigedomsskatt	-5 000 000	0	0	0
Havbruksfond	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
Finansportefølje	4 000 000	4 000 000	4 000 000	4 000 000
Bubil, gjestehamn	250 000	250 000	250 000	250 000
Meklarpakke	500 000	500 000	500 000	500 000
Bølgebrytarar på land	500 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Sal eigedom, reduserte renter og lån	400 000	900 000	900 000	900 000
Utbyte BUS, reduserte renter og lån	0	900 000	1 800 000	2 700 000
Justert bruk av premiefond	26 215 000	6 735 000	-24 165 000	-35 065 000
Kantinetilskot	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000
Ungdomsteam + erfaringskonsulent	-620 000	-1 360 000	-1 360 000	-1 360 000
Redusera 1 årsverk kommunepsykolog	-630 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
Koordinator barn som pårørende	-600 000	-950 000	-950 000	-950 000
Legga ned torsdagsgruppa i skule	-240 000	-520 000	-520 000	-520 000
Redusera tilbodet i kulturskulen	-1 150 000	-1 900 000	-1 900 000	-1 900 000
finansieringsmodell - store hjelpebehov	-2 300 000	-5 000 000	-5 000 000	-5 000 000
Redusera skulebading til eit minimum	-730 000	-1 420 000	-1 420 000	-1 420 000
Avslutta ferieope SFO frå 01.08.24	-230 000	-500 000	-500 000	-500 000
1 årsverk i barnehageadministrasjon	-580 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
Barnehage- og skulestruktur	-3 995 000	-8 810 000	-8 810 000	-8 810 000
Auka generell ramme oppvekst	-15 000 000	-15 000 000	-15 000 000	-15 000 000
Leggja ned Eikelandssosen vaktstasjon	-4 900 000	-6 500 000	-6 500 000	-6 500 000
Avvikla teneste som kreftkoordinator	-500 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
Prosjekt omsorgstrappa	-5 000 000	-15 000 000	-15 000 000	-15 000 000
Avslutta avtale med Crux Vindfanget	0	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000
Psykisk helse og rustenester 1,5 årsverk	-600 000	-1 200 000	-1 200 000	-1 200 000
Avvikla friskliv- og meistringstilbod	-1 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000
Auka generell ramme helse og velferd	-15 000 000	-15 000 000	-15 000 000	-15 000 000
Barnehage- og skulestruktur	-840 000	-1 675 000	-1 675 000	-1 675 000
Avslutte terapibad	-250 000	-250 000	-250 000	-250 000
Auke husleige	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
Redusere vintervedlikehold (brøyting)	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
Kulturminneforvaltning blir sjølvkost	-500 000	-500 000	-500 000	-500 000
Vaktordning Eikelandssosen	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
Stilling klima- og natur	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
<b>SUM</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## Finansieringsplan

Gitt økonomisituasjonen bør ein del av kuttforslaga i innstillinga gjennomførast. Når det er sagt, legg vi opp til å skjerna det vi kan av viktige tenester. Vi er sterkt uroa for at kommunen kan enda i ein situasjon der vi ikkje klarer å levera lovpålagte tenester til sårbare grupper, og at vi vil få meir refs i nye tilsyn.

### Eigedomsskatt

Overordna tek vi ansvar for å auka inntektene til kommunen med eigedomsskatt. Innføring av eigedomsskatt er ikkje eit mål i seg sjølv, men eit naudsynt verktøy i ein låginntektskommune som Bjørnafjorden.

Vi er trygge på at innbyggjarane i Bjørnafjorden ønsker å visa solidaritet med sårbare grupper. Dei som kan betala er villige til det – når alternativet er å skjera til beinet på viktige tenester til born, unge og eldre. Innbyggjarane ønsker ikkje kutt som dramatisk reduserer beredskapen i kommunen og bidreg til meir utanforskap og psykisk uhelse.

Skatten skal innrettast slik at dei som har lite frå før blir verna. Vi er klar over at ein del lir ekstra hardt under dyrtid med inflasjon og renteauke. Regulerer vi eigedomsskatten klokt kan vi ivareta desse gruppene samstundes som vi hindrar kollaps i tenestene. Vi legg til grunn at det kan innførast botnfrådrag, og kommunen kan gjennom perioden også vurdera søknadsbasert unntaksordning.

Etter våre berekningar vil eigedomsskatten i gjennomsnitt kosta kvar husstand 167 kroner per måned i 2024, og auke til 583 kr per måned i 2026. Dei som har større bustad og romslegare økonomi må rekna med å betala meir. Dei som har mindre bustad vil få ei mindre belastning. For 7 000 kr i året per husstand (i snitt) kan vi altså både verna og styrka kommunen.

Om det er rom for å stansa opptrappinga eller redusera satsen utover i økonomiplanperioden, vil vi tilrå det.

Vi foreslår også å innføre eigedomsskatt på næringsseigedom. Denne vil også auka i perioden, men den vil ikkje settast høgare enn 4 promille.

	<b>2024</b> 1+1 ‰	<b>2025</b> 3+2 ‰	<b>2026</b> 4+3 ‰	<b>2027</b> 4+4 ‰
Eigedomsskatt bustad/fritidsbustad	20 000 000	60 000 000	80 000 000	80 000 000
Botnfrådrag		-10 000 000	-10 000 000	-10 000 000
Eigedomsskatt næring	10 000 000	20 000 000	30 000 000	40 000 000
Kostnad innføring eigedomsskatt	-5 000 000			
<b>SUM</b>	<b>25 000 000</b>	<b>70 000 000</b>	<b>100 000 000</b>	<b>110 000 000</b>

## Andre inntekter

I tillegg til å innføre eigedomsskatt finn vi det rimeleg å rekna inn nokre fleire inntekter.

Havbruksfondet ligg i innstillinga med ei nøktern inntekt og kommunedirektøren har ikkje budsjettert med inntekter frå finansporteføljen i det heile. Vi finn det forsvarleg å leggja inn eit lite inntektsgrunnlag på desse postane. MDG legg ikkje til grunn auka skatteingong i budsjettframlegget.

Det er framleis pengar å spara på å droppa forsikring og vedlikehald av bølgebrytarane i Os hamn. Vi finn også inntekter frå auka brukarbetaling i bubil- og gjestehamn, og innføring av meklarpakke.

Til sist legg vi inn noko sal av eigedom og stipulert utbyte frå BUS AS. Gitt at alle desse inntektene er eingongsinntekter bør dei gå direkte til nedbetaling av lån. Konsekvensen for driftsbudsjettet blir reduserte rentekostnader. Det er ikkje klokt å saldera driftsbudsjettet med eingongspengar. MDG ser difor heller ikkje verdien av å seksjonera og selja politistasjonen. Det er eit nullsumspel som ikkje har særleg budsjettverdi, då utgiftene til renter og avdrag blir dekte av leigeinntektene. Det vil hjelpa på gjeldsgraden på papiret, men ikkje på dei økonomiske realitetane.

	2024	2025	2026	2027
Havbruksfond	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
Finansportefølje	4 000 000	4 000 000	4 000 000	4 000 000
Bubil, gjestehamn	250 000	250 000	250 000	250 000
Meklarpakke	500 000	500 000	500 000	500 000
Bølgebrytarar på land	500 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Sal eigedom, reduserte renter og lån	400 000	900 000	900 000	900 000
Utbyte BUS, reduserte renter og lån		900 000	1 800 000	2 700 000
<b>SUM</b>	<b>7 650 000</b>	<b>9 550 000</b>	<b>10 450 000</b>	<b>11 350 000</b>

## Bruk av premiefond

For å dekkja dei store underskota i starten av perioden er det naudsynt å bruka litt meir av premiefondet i 2024 og 2025, men monaleg mindre i 2026 og 2027. I sum legg MDG opp til å bruka 26 millionar mindre av premiefondet enn det kommunedirektøren har foreslått i sitt budsjettframlegg. I tabellen er det vist negativ bruk av premiefondet, altså at det blir tilbakeført pengar til det same fondet. Det vil vera naturleg at ein brukar av premiefondet i 2024 og 2025, men at ein i 2026 og 2027 reknar summen inn som driftsmessig mindreforbruk slik at premiefondet i praksis står uendra på 66 582 000 etter 2025.

	2024	2025	2026	2027
Innstilling bruk av premiefond	65 801 000	37 296 000	20 582 000	17 564 000
Innstilling saldo 31.12	137 098 000	99 802 000	79 220 000	61 656 000
Ending bruk av premiefond	26 215 000	6 735 000	-24 165 000	-35 065 000
Justert total bruk av premiefond	92 016 000	44 031 000	-3 583 000	-17 501 000
Saldo premiefond 31.12	110 883 000	66 852 000	70 435 000	87 936 000

## Sektortiltak

### Fellesområde

MDG meiner at meirverdien ved at Bjørnafjorden ASVO driv kantine på rådhuset er verdt kostnaden.

Endringar i sektor fellesområde	2024	2025+
Kantinetilskot	-200 000	-200 000

### Oppvekst

Kommunestyret har fått kjennskap til at vi har utfordringar med mobbing, rus, utanforskap og psykisk uhelse blant våre born og unge. Det er ikkje tida for å kutta i ressursar her, tvert imot må det satsast. Kommunen har i mange år snakka varmt om tidleg innsats, men i praksis er det gått mindre og mindre ressursar til dette. Uavhengig av budsjettvedtak er det viktig at tenesteutvalet går djupt inn i desse utfordringane og jobbar målretta for å snu dårlege trendar.

Miljøpartiet Dei Grøne finn ikkje at det er rett å leggja ned barneskulane slik tilrådinga er frå PWC-rapportane.

Sektoren har slitt med meirforbruk og manglande gjennomføring av gjeldande kuttvedtak. Difor vel vi å auka den generelle ramma til sektoren med 15 millionar. I tillegg finn vi ressursar til å reversera mange av kutforslaga i innstillinga. I sum tilfører vi 26 millionar i 2024, med heilårseffekt på 37 millionar i resten av økonomiplanperioden.

<b>Endringar i sektor oppvekst</b>	<b>2024</b>	<b>2025+</b>
Ta ned 1 årsverk i Ungdomsteam + 50% erfaringskonsulent	-620 000	-1 360 000
Redusera 1 årsverk kommunepsykolog	-630 000	-1 000 000
Koordinator barn som pårørende	-600 000	-950 000
Legga ned torsdagsgruppa i skule	-240 000	-520 000
Redusera tilbodet i kulturskulen	-1 150 000	-1 900 000
Legga om finansieringsmodell - elevar med store hjelpebehov	-2 300 000	-5 000 000
Redusera skulebading til eit minimum	-730 000	-1 420 000
Avslutta ferieope SFO frå 01.08.24	-230 000	-500 000
Redusera 1 årsverk i barnehageadministrasjon	-580 000	-1 000 000
Barnehage- og skulestruktur	-3 995 000	-8 810 000
Auka generell ramme oppvekst	-15 000 000	-15 000 000
<b>SUM</b>	<b>-26 075 000</b>	<b>-37 460 000</b>

## Helse og velferd

I helsesektoren er det foreslått ei rekkje dramatiske kutt som kan råka liv og helse. I tillegg er det lagt opp til store innsparingar i eldreomsorga. Hovudargumentet ser ut til å vera at andre kommunar har færre omsorgsplassar. Samfunnsutviklinga fordrar ei heilt anna tilnærming: Vi må *både* bevare omsorgsplassane og utvida omsorgstrappa nedover.

MDG bevarar også avtalen med CRUX då den sikrar meir ressursar til dette føremålet i kommunen. Vi trur tilbodet blir dårlegare om vi berre skal peika på NAV. Psykisk helse og rus, samt friskliv og meistring er særst viktige område som treng meir ressursar, ikkje mindre. Denne sektoren har også slitt med meirforbruk i høve tidlegare budsjetterte kutt, og vi vel å auka den generelle ramma med 15 millionar. I sum tilfører vi 27 millionar i 2024, med heilårseffekt på 42 millionar i resten av økonomiplanperioden.

<b>Endringar i sektor helse og velferd</b>	<b>2024</b>	<b>2025+</b>
Leggja ned Eikelandsosen vaktstasjon	-4 900 000	-6 500 000
Avvikla teneste som kreftkoordinator	-500 000	-1 000 000
Prosjekt omsorgstrappa	-5 000 000	-15 000 000
Avslutta avtale med Crux Vindfanget		-1 500 000
Psykisk helse og rustenester 1,5 årsverk	-600 000	-1 200 000
Avvikla friskliv- og meistringstilbod	-1 000 000	-2 000 000
Auka generell ramme helse og velferd	-15 000 000	-15 000 000
<b>SUM</b>	<b>-27 000 000</b>	<b>-42 200 000</b>



## Samfunnsutvikling

Noko reduksjon i brøyteutgiftene må vi gjennomføra, men vi halverer posten.

<b>Endringar i sektor samfunnsutvikling</b>	<b>2024</b>	<b>2025+</b>
Barnehage- og skulestruktur	-840 000	-1 675 000
Avslutta terapibad	-250 000	-250 000
Auka husleige	-1 000 000	-1 000 000
Redusera vintervedlikehold (brøyting)	-1 000 000	-1 000 000
Kulturminneforvaltning blir sjølvkost	-500 000	-500 000
Vaktordning Eikelandsosen	-1 000 000	-1 000 000
Stilling klima- og natur	-1 000 000	-1 000 000
<b>SUM</b>	<b>-5 590 000</b>	<b>-6 425 000</b>

## Investering

Investeringsbudsjettet blir endra i tråd med kommunestyrevedtak 172/23 med ny kostnadsramme for pågåande prosjekt. I tillegg legg MDG inn ramme til å bygga to ekstra mikrohus i 2025. Mikrohusa vil kunne gje ein betre og meir stabil busituasjon for tenestemottakarar innan rus og psykiatrifeltet.

<b>Endringar investeringsbudsjettet</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>
Microhus	-1 900 000	-7 400 000

## Klima og natur

I år er varsla for global oppvarming oppgradert til 2,9 gradar. Truleg har vi tapt 1,5 gradarsmålet allereie. Dette vil medføra katastrofale klimaendringar som angår alle på kloden, inklusive innbyggjarane i Bjørnafjorden kommune.

Alle land er forplikta av Parisavtalen - som er premisset for dei heilt naudsynte endringane vi som samfunn må gjennomgå. Avtalen er ikkje berre eit mål, men også ei forplikting for dei som har ressursar og kompetanse til å gå i front. Menneska lever sine liv i byar, tettstader og på små plassar. Det er også her dei blir råka av konsekvensane av eit varmare, våtare og villare klima. Då må endringane også skje her. Årets klimatoppmøte understrekar den kritiske rolla til lokale leiarar. Dette skiftet viser også att i det sterke klimafokuset som pregar KS og andre viktige forvaltingsnettverk. Her må Bjørnafjorden kjenna si besøkelsestid.

For det har gått altfor sakte med arbeidet med klimarekneskap og klimabudsjett i Bjørnafjorden. Såleis er årets budsjettframlegg eit massivt tilbakesteg frå eit allereie dårleg utgangspunkt. Kommunedirektøren tek seg ikkje ein gong bryet med å forsøka å svara opp problemstillinga. Klimaperspektivet er fråverande i framskrivingane, og det er alvorleg. Ei slik forsømming kan koma til å treffa oss hardt.

Vi forventar at kommunedirektøren legg mykje meir innsats i temaet, og finn det naudsynt å minna om kommunelovens § 13-1, fjerde ledd: *“Kommunedirektøren skal påse at vedtak som treffes av folkevalgte organer, blir iverksatt uten ugrunnet opphold.”*

Dette handlar ikkje om symbolpolitikk, men om korleis vi som lokalsamfunn skal rusta oss for endringane vi alt ser og dei vi kan venta oss. Vi etterlyser konkrete tiltak og planar som monnar i tråd med vedtekne nasjonale og lokale mål. Ressursbruken må talfestast, og den naudsynte sektorforankringa må på plass.

Alle sektorar må ansvarleggjerast, og kommunen må arbeida i tråd med rettleiaren frå Miljødirektoratet der det heiter at prosessen *“skal vera eigd av kommunedirektøren og leia av finansdirektøren”* (økonomisjefen). Dette er ikkje eit arbeid som kan settast til ein einskild rådgjevar eller eit konsulentbyrå. Klimaarbeidet må vera gjennomgåande i heile organisasjonen på lik linje med økonomiske budsjetttrammer.

# Verbalforslag

## 1. Kantinedrift

I kommunedirektøren sitt budsjettframlegg er det lagt inn ei streng føring om at alle ungdomsskulane skal avslutte kantinedrift. Det gjeld også der det ikkje kostar kommunen noko.

**Forslag til vedtak:** Alle ungdomsskulane skal kunne driva kantinedrift der det vert organisert utan kostnad for kommunen.

## 2. Ung Arena

Med utfordringane vi kjenner til og svakt fritidstilbod for ungdomen er det særst viktig at Ung Arena får betre opningstider. Det aller beste er om det er mogleg for ungdomen sjølv å driva og ta ansvar for aktivitetar i lokalene utan at kommunalt tilsette må vera tilstades.

**Forslag til vedtak:** Tenesteutvalet får i oppdrag å arbeida saman med ungdomsrådet og finna modellar som kan bidra til meir aktivitet og ope i Ung Arena.

## 3. Leiarløn

Bjørnafjorden kommune har til dels særst høg avlønning av leiarar.

**Forslag til vedtak:** Kommunestyret vedtek at det skal utarbeidast ein politisk forankra lønsstrategi for å finna og sikra eit meir eigna leiarlønsnivå på sikt.

## 4. Natur og klima

Kommunen har ikkje evna å følgja opp eigne planar om forvaltning av klima og natur.

**Forslag til vedtak:**

- a) Kommunen sine årsmeldingar skal visa detaljert klimarekneskap og naturrekneskap
- b) Kommunen sine budsjett og økonomiplanar skal omtala og kvantifisera klimabudsjett og naturbudsjett